



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
19/2020	Eldrerådet	PS	22.10.2020
12/2020	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	26.10.2020
29/2020	Levekårsutvalet	PS	10.11.2020
27/2020	Bygdeutviklingsutvalet	PS	10.11.2020
14/2020	Ungdomsrådet	PS	10.11.2020

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-141, TI-&37, HistSak-15/1569	20/1429

HØYRING - KOMMUNAL PLANSTRATEGI 2020-2024

Vedlegg:

Planstrategi Vaksdal 2020-2024 - Høyringsutkast

Framlegg til høyringsuttale frå utvalet/rådet:

Utvalet/rådet tek saka til orientering og gjev følgjande innspel:

Bygdeutviklingsutvalet - Sak 27/2020

BYG - Behandling:

Utvalet drøfta saka.

Områder som vart spelt inn:

- Eigen folketalsutviklingsplan
- Klima og miljøplan
- Kulturplan

BYG - Tiltråding/Vedtak:

Utvalet tek saka til orientering.

Levekårsutvalet - Sak 29/2020

LEV - Behandling:

Utvalet tok samrøystes høyringsframlegget til orientering.

LEV - Tilråding/Vedtak:

Utvalet tek saka til orientering.

Ungdomsrådet - Sak 14/2020

UNG - Behandling:

UNG - Tilråding/Vedtak:

Ungdomsrådet har følgjande innspel:

Ungdomsrådet ynsjer det skal leggjast til rette for at ein kan bu alle plassar i kommunen, f.eks i Eksingedalen. Då er det viktig med barnehage, skule og arbeidsplassar.

Saksopplysningar:

Formannskap/ plan- og økonomiutval vedtok i møte 12.10.20, sak 66/2020, å leggja Kommunal Planstrategi 2020-2024 ut til offentleg høyring til offentleg høyring i minimum 30 dagar før handsaming i kommunestyret, jamfør Plan- og bygningslova §10-1. Saka vert lagt fram for kommunestyret 15. desember 2020.

Dei fatta følgjande vedtak:

Med heimel i Plan- og bygningslova §10-1 vert utkast til kommunal planstrategi 2020 -2024 lagt ut til offentleg høyring.

Med følgjande tillegg:

- Vaksdal kommune tek inn plan for likestilling i sin planstrategi. Arbeidet med plan for likestilling startar opp og vert fullført i 2022. Plan for likestilling tek utgangspunkt i Likestilling og diskrimineringsloven § 24 som mellom anna seier; «Offentlige myndigheter skal i all sin virksomhet arbeide aktivt, målrettet og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering som nevnt i § 6. Plikten innebærer blant annet at offentlige myndigheter skal forebygge trakassering, seksuell trakassering og kjønnsbasert vold og motarbeide stereotypisering. Og FN sitt bærekraftsmål nr. 5 «Likestilling mellom kjønnene»*
- Vaksdal kommune tar inn Breibandplan i sin planstrategi. Planen skal kartlegge behovet og vera grunnlag for søknad om statlege og fylkeskommunale midlar til breibandutbygging i*

Vaksdal. Planen skal sette eit mål for når alle husstandar i Vaksdal skal ha eit tenleg tilbod.

- *Vaksdal kommune tek inn temaplan for barn og unge i sin planstrategi. Arbeidet med temaplan for barn og unge starter opp etter ferdigstilling av kommuneneplanens samfunnsdel og vert fullført i 2023. Temaplan for barn og unge tek utgangspunkt i kommunens samfunnsdel og har som formål blant anna å sikre at målsettingane i denne fullføres.*

Temaplan for barn og unge skal ha særlig fokus på helsestasjons- og skulehelsetenesten, psykisk helsearbeid for born og unge og barnevernet.

- *Vaksdal Kommune tek inn Langtidsplan for kompetansebygging i den kommunale organisasjonen i sin planstrategi. Oppstart av dette arbeidet skal skje i 2021.*

Som høyringsinstans vert saka lagt fram for rådet/utvalet for handsaming. Vedlagt saka finn ein utkast til kommunal planstrategi 2020-2024.